

litt om serien

Vendepunkt - livsforvandlande møter med Jesus

Kristendommen: For mange har ordet dårlig klang. Tankane går til dogmer, dominans og antidans. Det handler om salmepugging og dogmetru, og det verkar eigentleg ikkje så attraktivt. Men essensen i kristen tru er relasjon, eit møte med Jesus. Det slåande er at Jesus har evna å møte så utrulig mange forskjellige folk, i så mange forskjellige kulturar til så forskjellige tider. I møte med Jesus har ulike personlighetstypar med ulike livshistorier fått eit livsforvandlende vendepunkt.

Det er akkurat nokre av desse møtepunkta med Jesus vi ønskjer å trekke fram i denne serien. Dersom slike folk kunne få møtepunkt med Jesus som vart til vendepunkt i livet, ja då kan du også!

litt om tema:

Jesus og Natanael

«No må du ikkje vere så kritisk. Berre tru!» Har du hørt noko liknande nokon gong? For mange er kristisk sans og tvil eitt og det samme. Men er det eigentleg det?

Natanael, ein ekte israelitt, i følgje Jesus, er kanskje ein fyr som ikkje så lett kastar seg over det nye og det siste. Ikkje sånn med ein gong i alle fall. Han er heller ein som vurderer, tenkjer etter og treng å prøve, stille spørsmål og reflektere før han heilhjarta hiv seg inn i noko.

Natanael møter historia om Jesus noko avventande, ja til og med med eit snev av ironisk distanse: «kan det kome noko godt frå Nasaret?» spør han. Men han blir med likevel - for å møte Jesus. Og han blir møtt - av Jesus - som omfavner heile han, slik han er, og livet til Natanael vart forvandla. Jesus tåler din kritiske sans!

Skeptikaren



Bibel

Joh 1, 43-51 Spørsmål til teksten

1. Det er Jesus som finn Filip i v 43, men Filip seier «vi har funne han» v 45. Natanael vil sjå Jesus, men Jesus som ser tvers gjennom han i v 47. Kva er münsteret?
2. Natanael ytrar seg skeptisk til om Jesus er Messias i v 46. Kva seier Jesus om og til Natanael etter dette? Kva fortel det oss om Jesus?



Misjon

Gjennom deg og vidare

Mange tenkjer på kristendom som «blind tru utan bevis». Korleis kan beskjeden om at det er greitt å undersøke det ein lurer på hjelpe mot dette? Og kva lurer folk på?



Fellesskap

Den ærlege samtalens:

1. Korleis reagerer de instinktivt på tanken om at Gud ser dykk heile tida? Kvifor opplevast det slik, trur de?
2. Har du opplevd ein kristen setting der «alle andre» var heilt på, medan du kjende på skepsis til det som gjekk føre seg? Sett i ettertid, var det velbegrunna skepsis, eller var du berre redd for ikkje å ha full kontroll sjølv?



Raushet

Takksam deling

Korleis kan de på ein praktisk måte vise dykkar kristent baserte skepsis til ei verd som gjerne vil drive «business as usual»? Kva i samfunnet reagerer de på og kva kan de gjere med det?



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Be Gud om hjelp til å kunne elske han både med hjartet og sjela, men også med vitet vårt (Matt 22,37). Be om rettleiing til å bruke forstanden til ære for han.
2. Be om at Gud må lysa opp auga til dykkar hjarte (Ef.1,18) så de kan få sjå verda meir på hans måte og få hjelp til å elske nesten dykkar som dykk sjølv (Matt 22,38).
3. Del gjerne andre bøneemne også. Be for kvarandre og for det de har delt.

Som kristne veks vi ved å lære oss å høyre Guds tiltale til oss, og så handle på det. Frå samtalane, tekstane og bønnene i dag: kva har blir ståande som viktigast? Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva Høyrdé eg?

Kva Gjer eg med det?

Vende-
LIVSFORVANDLANDE
PUNKT
MØTER MED JESUS